



Medlemer i Samarbeidsutvalet og Skolemiljøutvalet for Myking skule.

Medlem Samarbeidsutvalet.		Vara medlem (møter berre etter nærmere avtale).	
Berit Bruvoll	x	Ida Marie Nordahl	
Edmund Nyheim		Annikken Sylta	
Bjørg S. Myrmel	x	Janne Kari Eknes	
Bodil Vabø	x	Bjørghild O. Spjell	
Kjell Fagna	x	Jan-Erik Hope	
Herborg Osmundsen	x	Torill Myhre	
Nils Kvalvågnes	x		
Elevrådet:			
Nikolai R. Fimland		Sindre Sylta	
Alva Bredholt		Mathea Eikemo	x
Medlem Skalemiljøutvalet			
Remi Rognaldsen		Steinar Kleiven	
Ina A. Vabø		Magnus Holsen	x

X= til stades

Referat frå felles møte for Samarbeidsutvalet og Skalemiljøutvalet ved Myking skule.

Torsdag 16. april kl. 18.00 - kl. rom 3

Då sakene i Samarbeidsutvalet for det meste fell saman med Skalemiljøutvalet sitt interesseområde kallar ein inn til møte for begge utvala samla. Vedtaka som vert gjort vert merka som vedtak i dei respektive utvala.

SAKER

1. Meldingar/referatsaker.

Referat frå elevrådsmøte:

Det vart referert frå elevrådsmøtet 10. april. Elevrådet hadde oppe ønskje om sjakkdag ein onsdag i 2 timer og at det vart gitt mindre lekser no når våren er komen. Vidare hadde elevrådet sett på erfaringar med trivselsleiarartilbodet som 7. klasse står for. Responsen frå dei andre elevane har vore god og 7. klasse synes det har vore ei kjekk oppgåve. Så vart høyringa til

Postadresse 5957 Myking	Besøksadresse Myking skule Myking	Telefon 56 36 42 01	Telefaks 56 36 03 88	Konto 0805 5787809-207 Organisasjonsnr. 935 084 733
----------------------------	---	------------------------	-------------------------	--

communedelplan for grunnskulen diskutert og elevrådet kom med følgjande uttale:

Elevrådet ved Myking skule meiner det er viktig at skulen får fortsetja fordi:

- *Myking skule er viktig for heile bygda, her er t.d. eldrekafè, Ving, 17. maifeiring og vallokale. Skulen er sentrum i bygda.*
- *Viss skulen vert nedlagt, står butikken også i fare for å bli nedlagt.*
- *På skulen er det eit oversiktleg og trygt miljø utan mobbing.*
- *Alle kjenner alle, og alle får hjelp når det trengst.*
- *Skuleplassen vert mykje brukt også utanom skuletida*

Referat fra foreldreråds og FAU-møte.

Siste FAU-møte var 5. januar. Saker som var oppe var aktivitetsdag/skøytetur til Bergenshallen i samarbeid med skulen, førebuing av karnevalet i februar – på kveldstid og i regi av FAU, dugnad/lotteri og oppfølging av communedelplan for skulen.

Budsjett 2015-16.

Skulen har fått tildelt 8 lærarårsverk til undervisning komande skuleår. Dette er om lag på nivå med inneverande år. Ein lærar kjem tilbake etter permisjon og ein lærar har søkt seg over til Lindås barneskule og ein lærar har søkt plass på vidareutdanning. Det er ikkje avklara enno om skulen har nok undervisningspersonale komande skuleår.

Skulen si deltagning i studien «Sosiale ferdigheter og læringsatferd i skolen» UIO.

Heimane til elevane i 1. til 6. klassane ved skulen har fått tilbod om å delta i ei undersøking rundt «Sosiale ferdigheter og læringsatferd i skolen» i regi av Universitetet i Oslo. Undersøkinga er frivillig og ca 15 elevar er påmeldt.

Skuleruta 2015-16.

Skuleruta for skuleåret 2015-16 er vedteken av kommunen og er tilgjengeleg på skulen si heimeside. Første skuledag er mandag 17. august og siste skuledag er fredag 17. juni. Største endringa er at vinterferien er flytta frå siste veke i februar til veka etter Påske. Påskeferien vert difor ekstra lang.

Postadresse 5957 Myking	Besøksadresse Myking skule Myking	Telefon 56 36 42 01	Telefaks 56 36 03 88	Konto 0805 5787809-207 Organisasjonsnr. 935 084 733
----------------------------	---	------------------------	-------------------------	--

«Kvalitetsvurderingsskjema» og rullering av skulen sin verksemndsplan.

På planleggingsdagen 6. februar gjennomførte undervisningspersonalet ei statusvurdering når det galdt kommunen sitt kvalitetvurderingsskjema for grunnskulen. Det vart funne to potensielle forbetringssområde som plangruppa ved skulen vil fremja som oppfølgingstiltak i skulen sin verksemndsplan. Sidan rulleringa av kommuneplanen har teke så mykje merksem og tid, vart ein samde i møtet om å prioritera handsaminga av SU/SKMU sin uttale til kommuneplan skule.»

2. Organisering av leksehjelp i grunnskulen i Lindås.

Reglane for kven som kan få tilbod om leksehjelp er endra. Kommunen har gjort følgjande vedtak: **LE - vedtak:**

Lindås kommune tilbyr leksehjelp til elevar 5-7. trinn. Rektor organiserer tilboden i samsvar med krav i Opplæringslova med forskrifter, og pedagog(ar) skal ha hovedansvar for leksehjelp. Eventuell auke i kostnader til leksehjelp blir finansiert innanfor ramma til Oppvekst. Ordninga skal evaluerast våren 2017.

Leksehjelpa er eit frivillig tiltak der foreldra melder på barnet. Sidan dette tilboden no er reservert elevar i 5. – 7. klasse høver det godt at tiltaket vert lagt til onsdagar når 5. – 7. er åleine på skulen. Denne dagen er og 55 minutt kortare og det vil vera råd å leggja tilboden til ein undervisningsfri midttime eller til slutten av dagen etter 5. time, men før skuleruta går.

Vedtak: Skulen undersøkjer interessa for leksehjelp i 5. til 7. klasse ut frå eit par alternativ.

3. Høyring kommunedelplan skule.

«Kommunedelplan for skule» er på høyring til 18. april. I høyringsperioden skal det vere folkomøte i to av dei tre skulekrinsane.

Levekårsutvalet i Lindås kommune har sendt «Kommunedelplan for skule 2014 – 2018» ut på høyring. Høyringa opnar for innspel til og med laurdag 18. april.

Undervisningspersonalet ved Myking skule har kome med følgjande uttale:

"Undervisningspersonalet ved Myking skule kan ikkje sjå at det er pedagogisk grunnlag for å leggja ned Myking skule. Skulen har eit svært stabilt og kompetent undervisningspersonale. Har svært gode resultat når det gjeld elevmiljø (j.f. Elevundersøkelsen si mobbekartlegging) og gode skuleresultat. Prognosane syner veksande elevtal og ei nedlegging vil klart vera negativt for den kommunale grunnskulen i Lindås ungdomsskulekrins, - som alt har mista ein barneskulekrins med mange elevar til privatskulen Skodvin Montessoriskule."

Uttale frå Mykingkrinsen v/arbeidsgruppa «bevar Myking skule»

Postadresse 5957 Myking	Besøksadresse Myking skule Myking	Telefon 56 36 42 01	Telefaks 56 36 03 88	Konto 0805 5787809-207 Organisasjonsnr. 935 084 733
----------------------------	---	------------------------	-------------------------	--

Utgreiinga frå arbeidsgruppa «Bevar Myking skule», samt uttale frå elevrådet, undervisningspersonalet og tillitsvalde ved skulen vart presentert i møtet.

Postadresse 5957 Myking	Besøksadresse Myking skule Myking	Telefon 56 36 42 01	Telefaks 56 36 03 88	Konto 0805 5787809-207 Organisasjonsnr. 935 084 733
----------------------------	---	------------------------	-------------------------	--

Elevrådet ved Myking skule:

Uttale til høyringsframlegg kommunedelplan skule 2014-2018.

Elevrådet ved Myking skule meiner det er viktig at skulen får fortsetja fordi:

- Myking skule er viktig for heile bygda, her er t.d. eldrekafè, Ving, 17. maifeiring og vallokale. Skulen er sentrum i bygda.
- Viss skulen vert nedlagt, står butikken også i fare for å bli nedlagt.
- På skulen er det eit oversiktleg og trygt miljø utan mobbing.
- Alle kjenner alle, og alle får hjelp når det trengst.
- Skuleplassen vert mykje brukt også utanom skuletida

Uttale frå undervisningspersonalet ved Myking skule.

"Undervisningspersonalet ved Myking skule kan ikkje sjå at det er pedagogisk grunnlag for å leggja ned Myking skule. Skulen har eit svært stabilt og kompetent undervisningspersonale og har svært gode resultat når det gjeld elevmiljø (j.f. Elevundersøkelsen si mobbekartlegging) og gode skuleresultat. Prognosane syner veksande elevtal og ei nedlegging vil klart vera negativt for den kommunale grunnskulen i Lindås ungdomsskulekrins, - som alt har mista ein barneskulekrins med mange elevar til privatskulen Skodvin Montesorriskule. "

Uttale frå tillitsvald ved Myking skule:

Målet om å sikra eit likeverdig skuletilbod til alle i kommunen ved å samla alle elevane på store skular må ikkje gå på bekostning av brukarane – elevane våre.

Me trur ikkje at nedlegging av Myking skule vil bidra positivt korkje fagleg eller sosialt, ut frå slik status er no. Viser elles til ulike undersøkingar gjort av Arbeidsgruppa ved Myking skule.

Utgreiing frå arbeidsgruppa «Bevar Myking skule»

Utgreiinga følgjer som vedlegg.

Vedtak SU/SKMU:

SU/SKMU ved Myking skule er glade for at Kommunestyret ved kvar rullering av kommunedelplan for grunnskulen har sett at skulen er viktig for bygdene i Myking skulekrins og for kommunen og har vedteke vidareføring av skulen.

Myking skule har gode og tenlege lokale med god kapasitet, ein svært stabil undervisningsstab og eit svært godt skolemiljø med godt samarbeid mellom elevar, heimane, skulen og krinsen, - noko som syner att i skulen sine gode skuleresultat både fagleg og sosialt.

Når det gjeld høyringsutkastet si framstilling av skulen sin standard og vedlikehaldsbehov finn vi der i mot store feil både når det gjeld kvalitet og status på skuleanlegget. Me

Postadresse 5957 Myking	Besøksadresse Myking skule Myking	Telefon 56 36 42 01	Telefaks 56 36 03 88	Konto 0805 5787809-207 Organisasjonsnr. 935 084 733
----------------------------	---	------------------------	-------------------------	--

meiner at innsparingspotensialet ved å leggja ned skulen er overvurdert, og konsekvensar av at elevane i Mykingskrinsen kan bli spreidd mellom offentlege og private skular er sterkt undervurdert.

SU/SKMU syner elles til rapporten som er utarbeidd av «arbeidsgruppa «Bevar Myking skule» og bed om at denne vert lagt fram for kommunestyret i sin heilskap når saka om kommunedelplan for skule skal slutthandsamast. Me syner og til dei skuleinterne uttalane frå elevrådet, tillitsvalde og undervisningspersonalet.

Med vedlegga:

1. Uttale frå elevrådet ved Myking skule
2. Uttale frå tillitsvald ved Myking skule
3. Uttale frå Undervisningspersonalet ved Myking skule
4. Uttale frå arbeidsgruppa «Bevar Myking skule»

Myking skule 12.05.2015

Nils Kvalvågnes
(referent for SU/SKMU)

Postadresse 5957 Myking	Besøksadresse Myking skule Myking	Telefon 56 36 42 01	Telefaks 56 36 03 88	Konto 0805 5787809-207 Organisasjonsnr. 935 084 733
----------------------------	---	------------------------	-------------------------	--



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
039/15	Levekårsutvalet	21.05.2015
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Rådmannen	Kristin Moe
	Arkivnr.: 14/6105	Klassering:

Kommunedelplan for skule 2014 - 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune startar opp prosjekt med mål om å bygge ny, felles skule for Kløvheim og Eikanger. Rådmannen legg fram framlegg til prosjektmandat i løpet av første kvartal 2016.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Saksopplysningar:

Lindås kommune har hatt Kommunedelplan for skule 2014-2018 til høyring, i samsvar med plan og bygningslova §§ 5-2 og 11-14.

Bakgrunn

I framlegg til Økonomiplan for 2014-2017 seier rådmannen at Lindås kommune ikkje har ei berekraftig utvikling når det gjeld drift og investering. Rådmannen meiner at kommunen er kome til eit punkt der ein må gjere tydelege og avgjerande grep for å sikre berekraftige tenester og berekraftig økonomi, som strekker seg langt utover eksisterande økonomiplanperiode. På grunnlag av dette vedtok kommunestyret 19.12.13 at kommunen skulle gjennomføre eit omstillings- og utviklingsprogram som *omfattar heile den kommunale drifta, med sikte på å redusera driftskostnadene til eit langsiktig berekraftig nivå.*

Målet for programmet er:

- å redusera driftskostnadene slik det går fram av økonomiplanen
- å utvikla kommuneorganisasjonen slik at den står rusta til å møta utfordringane fram mot 2025

Dersom Lindås kommune skal ha ei berekraftig utvikling når det gjeld drift og investering, og vere rusta til å møte dei utfordringane som kjem, må viktige val og prioriteringar gjerast. I omstillingsprogrammet slik det vart vedteke, ligg det ei målsetting om å redusere driftskostnadene i kommunen. Dette kan mótast gjennom ein generell reduksjon på tenestenivå eller endringar i organisering og struktur. Lindås har ein desentralisert og kostnadskrevjande skulestruktur. Endringar i skulestrukturen kan føre til at ein slepp dei største nedskjeringane i timetildelinga til styrking, deling, spesialundervisning og særskild språkopplæring. På bakgrunn av dette fekk rådmannen i oppdrag å utarbeide ein ny kommunedelplan for skule gjeldande for 2014-2018. Planen er avgrensa til å omfatta to av ungdomsskulekrinsane, Ostereidet og Lindås. Tema i planen er vidare avgrensa til folketalsprognosar og elevtalsutvikling, alternative strukturløysingar, investeringsbehov og ei vurdering av konsekvensar for den enkelte skule i krinsane.

Arbeidet har vore leia av ei administrativ prosjektgruppe beståande av to einingsleiarar for skule, fagsjef for skule og hovudtillitsvalde. Utgreiingsarbeidet er gjennomført i perioden desember 2014 til februar 2015. Undervegs i arbeidet har prosjektgruppa hatt møte med ei referansegruppe med representantar frå skulane, tillitsvalde, verneombod, elevråd, FAU og ungdomsrådet. Rådmann og kommunalsjef har også delteke i arbeidet.

Planen vart sendt ut til høyring fredag 6.mars, høyringsfrist laurdag 18.april 2015. Rådmannen har totalt motteke 14 fråsegn.

Samandrag av innkomne fråsegn:

1. Eikanger skule (1 fråsegn)

FAU v/ Eikanger skule ynskjer ein ny Eikanger skule. Dette er framtidsretta med tanke på folketalsutvikling, aukande elevtalsprognosar, nærleik til E39, og det einaste alternativet som let seg foreina med nærskuleprinsippet. Om skulen vert lagt ned, vil størsteparten av elevane få Leiknes som nærskule. Leiknes har ikkje kapasitet til å ta imot alle elevane. Alternativet med Eikanger-elevane til Ostereidet har store manglar då det ikkje er tatt med kostnad og utfordringar i samband med tilkomst til skulen frå E39. Det er store trafikale utfordringar med tilkomst både med bilar og bussar til Ostereidet. Utearealet på Ostereidet er mindre enn det som vert skissert i planen.

FAU er avslutningsvis oppteken av at alle skulane i kommunen må ha god kvalitet i form av gode læringsareal og gode læringsmiljø. Det er ikkje ynskeleg med ei innsparing på drift. Strukturendringar vil derfor verte nødvendig om ein vil nå eit mål om eit likeverdig opplæringstilbod for alle elevane i Lindås.

2. Kløvheim skule (3 fråsegn og uttale til planprogrammet frå SU 15.10.14)

Rådmannen har motteke 3 fråsegn frå Kløvheimkrinsen; frå FAU og SU ved skulen og eit frå «Skulegruppa for vidareføring av Kløvheim skule».

FAU vil fortrinnsvis behalde skulen. Dette vert grunngjeven med at skulen er godt eigna, har gymsal med scene, kjøkken mm. Skulen er godt vedlikehalde og har låge vedlikehaldsutgifter kommande år. Skulen har store og svært attraktive uteområde, også med eigen ballbinge. Skulen har kapasitet til ei auke i elevtalet. Kommunen vert oppmoda om på nytt å sjå på elevtalsberekingane (med tanke på nærskuleprinsippet) og på investeringskostnadane ved ei utviding. FAU vurderer alternativ B4 med Eikanger og Kløvheim til Ostereidet, som det dårlegaste alternativet av alle. Alternativ B1 med ny skule for elevane på Eikanger og Kløvheim vert vurdert som eit betre alternativ. Om kommunen finn rom for å investere i skulebygg, bør dette gjerast gjennom felles skulebygg for Eikanger og Kløvheim.

SU stiller seg bak FAU sitt høyringsfråsegn og legg til at overgangen for ein barneskuleelev frå å gå på ein skule med få elevar i høve til ein skule med mange fleire elevar, kan opplevast

vanskeleg og skremmande for mange. At skulen ikkje ligg i nærmiljøet, kan føre til at elevane ikkje vil kjenne «eigarskap» til skulen sin. SU viser elles til sin uttale i samband med framlegg til planprogram for kommunedelplan skule 2014-2015 i haust.

I denne uttalen peikar SU på:

- at Lindås kommune må vere ein pådrivar for at regulerte bustadfelt i bygda vert realiserte
- at Kløvheim skule bør halda fram som skule da den er i god stand og har gode uteområde og kapasitet til utviding
- at elevane på Kløvheim framleis skal høyre til Ostereidet ungdomsskulekrins og at det er positivt at ungdomsskulen tek i mot elevar frå ulike barneskular
- at samlokalisering på Kløvheim skule vil vere det mest lønsame alternativet

Skulegruppa for vidareføring av Kløvheim skule viser til at vedlikehaldskostnadane på Kløvheim er lågare enn det som vert framstilt i planen og ber om at dette vert retta opp. Arbeidsgruppa kan sjå at det er utfordrande for kommunen å drifta tre skular langs fv 397 mellom dei to sentra Ostereidet og Lindås. Om Kløvheim med si lokalisering vert vidareført, vil det vere det mest økonomiske alternativ. Skulen er godt eigna både med tanke på bygget og uteområdet. Skulen har kapasitet til ei auke i elevtalet. Skulegruppa rår til at elevane på Eikanger vert fordelt på Leiknes, Ostereidet og Kløvheim etter nærskuleprinsippet for å unngå auka investeringar totalt. Arbeidsgruppa viser til Norconsult si tilråding i «Kommunedelplan for skule 2010-2020». Der var tilrådinga ei samlokalisering av Myking, Kløvheim og Eikanger på Kløvheim.

3. Leiknes skule (2 fråsegn)

FAU ved Leiknes skule er bekymra for endringar i krinsgrenser som kan føre til auka elevtal ved Leiknes skule. Ytterlegare utbygging av skulen vil ha ein negativ verknad på elevane sitt undervisningstilbod, særleg i byggjepериодen.

Ei auke i elevtalet vil gi store utfordringar med omsyn til elevane sin skuleveg, uteområdet, klasserom, garderober og toalettfasilitetar. FAU rår til ny 1-10 skule på Eikanger. Ny ungdomsskulekrins vil da femne om elevane frå Leiknes.

SU ved Leiknes skule er som FAU, oppteken av elevtalsutviklinga ved skulen. Prognosene for Leiknes skule er jamt aukande i åra som kjem og allereie om nokre få år må skulen ta i bruk spesialrom til vanlege klasserom. Skulen vil ikkje ha kapasitet til å verte mottakarskule ved ei eventuell nedlegging av skular lenger inne i fjorden. Nærskuleprinsippet vil vere styrande for kva skule desse elevane skal gå på. Eit skuleanlegg på Eikanger vil hindre at fleire elevar får Leiknes som nærskule. Å gjere Leiknes skule til nærskule for nye bygder er ikkje eit framtidsretta og ansvarleg val.

4. Myking skule (2 fråsegn)

Arbeidsgruppa «Bevar Myking skule» har delt sin uttale i to hovudkapittel.

Det første omhandlar Mykingkrinsen sett på som eitt samfunn, eitt miljø og eitt felles satsingsområde for å bevare og vidareutvikle nærmiljøet. Dei viser til lange tradisjonar med dugnadsarbeid i bygdene; frå nærbutikken Myking Handel til ulike aktivitetstilbod og kulturminne. Myking skule vert i denne samanheng, sett på som det viktigaste knutepunktet i krinsen.

Det andre hovudkapittelet tek for seg det økonomiske og faglege aspektet med framlegget til kommunedelplanen. SSB har delt kommunane i Noreg inn i ulike samanliknbare kommunegrupper. Lindås kommune ligg etter dette i kommunegruppe 8. Ser ein på gjennomsnittet for utgifter på grunnskule i kommunegruppe 8, ligg Lindås kommune høgt. Arbeidsgruppa meiner det er feil å samanlikne Lindås kommune med andre kommunar i gruppe 8 då dei andre kommunane i denne gruppa har eit busetnadsmønster som er mykje tettare enn Lindås. Om ein ser på samanhengen mellom kostnadane til drift av skular og kor stor del av innbyggjarane som bur i tettbygde strøk, vert biletet annleis. Gjennomsnittskostnadane ligg då høgare enn for Lindås (16,6%). Med dei tal og framstillingar som arbeidsgruppa syner, kan ein

ikkje dra den konklusjonen at grunnskulen i Lindås er dyr. Vidare peikar dei på plandokumentet si berekning av skysskostnadar og at desse ligg for lågt. Dei viser og at det er ein mangel i planen når den ikkje har berekna auka skysskostnadar for fylkeskommunen i samband med nedlegging av skular. Arbeidsgruppa er ikkje einig i planen si framstilling av vedlikehaldskostnadar for Myking skule og saknar ei framstilling av økonomiske konsekvensar ved oppretting av private skular i kommunen. Ei spørjeundersøking i krinsen syner ei stor interesse for ny Montessoriskule på Myking om den kommunale skulen vert lagt ned alternativt vil mange søkje sine barn inn på Skodvin Montessori.

Arbeidsgruppa sin konklusjon:

- skulen i Lindås er ikkje dyr
- kommunen taper på å leggje ned Myking skule
- auka skysskostnader for Hordaland Fylkeskommune må bereknast
- føresetnaden om at alle elevar følgjer med over i offentleg skule er ikkje realistisk
- det er større trivsel og mindre mobbing på dei små skulane
- skular med lite mobbing gjev auka prestasjoner
- nærskule betrar folkehelsa
- elevtalet på Myking aukar mykje i åra som kjem
- at levande bygder inkluderer ein skule

SU/SKMU ved Myking skule meiner at Myking skule har gode og tenlege lokale med god kapasitet, ein stabil undervisningsstab, eit svært godt skolemiljø med eit godt samarbeid mellom elevar, heim, skule og krins og at dette syner att i skulen sine gode skuleresultat både fagleg og sosialt. Høyringsutkastet si framstilling av skulen sin standard og vedlikehaldsbehov har store feil og manglar. Innsparingspotensialet ved nedlegging av skulen er overvurdert og spreiing av elevar mellom offentlege og private skular er undervurdert. SU/SKMU syner elles til rapporten frå arbeidsgruppa «Bevar Myking skule» og ber om at denne vert lagt fram for kommunestyret i sin heilskap når saka skal slutthandsamast. Saman med uttalen frå SU/SKMU ligg det også med vedlegg med uttale frå elevrådet, tillitsvalde og undervisningspersonalet. Alle er sterkt kritiske til nedlegging av Myking skule.

5. Ostereidet barneskule (2 fråsegn)

Ostereidet bygdelag ber prosjektgruppa vurdere tre hovudpunkt i planarbeidet før saka vert sluttbehandla i kommunestyret.

- Ostereidet ungdomsskule må ikkje flyttast. Det vert vist til overordna styringsdokument i Lindås. Desse slår fast at det skal vere tre sentra/tettstadar for offentlege og private tenester i Lindås kommune. Bygdelaget ber om at kommunedelplanen vert endra i tråd med dette.
- Sosiale møteplassar og folkehelse heng saman. Kløvheim og Eikanger er to velfungerande lokalsamfunn. Nedlegging av skulane her gjer at krinsane vil mista viktige kulturelle og sosiale møteplassar. For mange barn og unge vil det føre til eit dårlegare oppvekstmiljø og redusert folkehelse. Dette gjeld især for utsette grupper.
- Satsing på nye bustadfelt i krinsane Ostereidet, Kløvheim og Eikanger. Kommunen vert bedt om å satse på tilrettelegging for vekst. Alle områda vil kunne vere attraktive for nye innbyggjarar. Nedlegging av skulane vil føre til stagnasjon i bygdene.

SU ved Ostereidet barneskule ynskjer elevar frå andre skular velkommen til Ostereidet om desse skulane vert lagt ned, men dette krev at skulen vert bygd ut, og at utearealet vert utvida. Dette krev igjen godkjend reguleringsplan. Vidare må vegtilkomsten sikrast og utbetrast, fortau frå senterområdet og fleire parkeringsplassar. Idrettsbygget må utvidast og ev erstattas av ny Storstove. Ei interessegruppe har allereie starta arbeidet med planlegging av ny Storstove. SU vil behalda Ostereidet ungdomsskule der den er i dag. Det vert vist til overordna planar i kommunen og Ostereidet som ein av tre kommunesentra.

6. Ostereidet ungdomsskule (1 fråsegn)

FAU og SU ved Ostereidet ungdomsskule ynskjer ikkje å ta stilling til framtidig plassering av barneskulane i Lindås. SU/FAU finn ingen grunn til å imøtegå langsiktige trendar slik dei er trekte opp i dokumentet. Prognosar og overslag tek dei til etterretning slik dei ligg føre. Men dei peikar på at nærskuleprinsippet slik det vert forstått i dag, fører til mykje uforutsigbarheit for ungdomsskulen. Kommunen vert bedd om å prøve ut lovforståinga på nytt.

Når det gjeld framtida til Ostereidet ungdomsskule ligg det føre to scenario, anten at ungdomsskulen vert liggjande der den er i dag eller at det vert bygd ny skule i Eikanger-området. Om skulen vert verande på Ostereidet, må det prioriterast midlar til vedlikehald og utbyggjing. Det er ein føremon at vatn, sanitær, idrettsanlegg, basseng og skulebygg alt er på plass. Skulen er ein viktig del av eit av dei tre sentra i Lindås og har eit godt samarbeid med lokalmiljøet. Skulen har kapasitet til å ta imot fleire elevar. Tilkomsten til skulen krev utbetring. Plassering av ny ungdomsskule i Eikanger-området vil løyse strukturelle utfordringar i samband med nærskuleprinsippet. Ny skule og nye romslege lokalitetar på Eikanger vil vere eit gode. Ein peiker likevel på at skulebygg med idrettslokalitetar og fasilitetar som basseng og treningsbaner er eit omfattande arbeid.

7. Utdanningsforbundet (1 fråsegn og uttalar frå 2009 og 2013)

Utdanningsforbundet ser det som positivt at planen skal medverke til ein stabil skulestruktur over tid. Stadig trussel om nedlegging er krevjande for alle involverte. Det vert vidare peika på at kommunen ikkje er tydeleg på kva som ligg i «likeverdig opplæring» og kvalitet i grunnskuletilbodet. Utdanningsforbundet er bekymra for ytterlegare reduksjonar av grunnressursen til ordinær undervisning og ser dette i samanheng med auke i spesialundervisninga. I samband med eventuelt nybygg, utbygging og rehabiliteringar må kommunen sjå til at det vert riktig dimensjonering og unngå at ein skule vert for liten i løpet av kort tid. Skulebygg og uteområde må ta høgde for dei behova som kjem.

8. Skolelederforbundet, avd. Nordhordland

Skolelederforbundet ønskjer ein skulestruktur som gjer at ein får til eit godt kvalitativt tilbod til alle elevane i kommunen. Om det vert reduksjon av ramma til grunnskulane, må dette takast gjennom nedlegging/strukturendringar.

9. Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen har to merknader til planen. Det eine er folkehelseperspektivet. Dette bør leggjast til grunn for innhald og tiltak i planar for skulane i Lindås. Ein saknar fokus på mål om sunt kosthald og fysisk aktivitet i planen. Folkehelse er eit nasjonalt satsingsområde. Vidare saknar fylkesmannen informasjon om korleis kommunen vil leggje til rette for barn og ungdom med særskilte behov. Fylkesmannen tenkjer på samarbeid mellom ulike aktørar, tilrettelegging av tilbod i fritida og generell tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne og flyktningebarn.

Vurdering

1. Bustadbygging og utvikling i bygdene

Fleire av innspela i høyringa legg vekt på at kommunen bør stimulere til vekst og utvikling gjennom å leggje til rette for bustadbygging og næring, i staden for å leggje ned skulen i bygda. Dette er eit politisk spørsmål som blir handsama i overordna planverkty.

2. Læringsmiljø sett i relasjon til små og store skular

Læringsmiljøet ved små og store skular vert ofte samanlikna i samband med drøfting av skulestruktur. Temaet har også vore omhandla i nokre av dei innspela rådmannen har motteke i samband med denne kommunedelplanen. Rådmannen vil i denne samanheng vise til kva forskarmiljø i Noreg seier om dette og kva erfaringar vi har i Lindås.

Regjeringa sett i 2013 ned eit utval (Djupedalsutvalet) som fekk eit mandat basert på målet om at *elevar skal ha eit trygt og inkluderande skolemiljø*. Utvalet skulle finne og vurdere ulike typar kunnskap om oppfylling av dette målet og forsking om kva som skapar og opprettheld trygge psykososiale skolemiljø utan krenking, mobbing, trakassering og diskriminering. Utvalet leverte si innstilling 18.mars 2015, NOU 2015:2 «Å høre til».

Del 3 i utgreiinga omhandlar kunnskapsgrunnlaget for dei tiltaka som utvalet legg fram.

Kunnskapsgrunnlaget er basert på ny forsking og erfaringsbasert kunnskap frå organisasjonar og enkeltpersonar. Gjennomgåande kjenneteikn på skular med eit godt psykososialt miljø er at

- elevane trivst og har det godt
- mobbing og krenkingar er fråverande
- elevane har høg motivasjon og stor lærelyst
- elevane får god støtte frå lærarane
- skulen har felles reglar og arbeidsro
- elevane får støtte frå heimen, opplever meistring og at skolemiljøet er trygt
- dei vaksne er proaktiv og reagerer når noko skjer
- skulane har god leiing, felles læringskultur, god lærarautoritet og godt lærarsamarbeid
- skulane har organisasjonsmessig kapasitet til endring

Forskarmiljøa er samde om at variablar som folketal, tal årsverk i skulen, lærartettleik og tal elevar (skulestorleik) ikkje er det som er styrande for om ein skule har eit godt psykososialt miljø eller ikkje.

Erfaringar frå Lindås viser det same. Ved gjennomgang av resultat av elevundersøkingane gjennom fleire år, ser vi at det er store variasjonar frå år til år mellom skular i kommunen og internt på den enkelte skule. Eit godt psykososialt miljø på ein skule handlar om andre faktorar enn skulestorleik. Tabellen under er eit døme som syner resultat frå elevundersøkinga i 7.klasse dei to siste åra. Skulane er rangert etter storleik der 1 er den største skulen og 10 den minste.

Elevundersøkelsen, 7.trinn Lindås

Andel elevar som har opplevd mobbing
2-3 g eller meir/mnd i prosent

Skule 1-10	2013-14	2014-15
1	11,1	7,3
2	10,5	3,7
3	10,3	4,8
4	14,3	0
5	*	10,5
6	0	7,7
7	0	0
8	0	16,7
9	0	0
10	*	0

3. Ungdomsskulekrinsane

FAU ved Kløvheim skule og andre, har vore oppteken av at ein ved å samle alle elevane på ein barneskule, taper det viktige potensialet for sosial utvikling som eit miljøskifte til ungdomsskulen tradisjonelt har vore. Dette har ikkje vore tema i kommunedelplanen, men rådmannen merkar seg likevel innspellet. Eit miljøskifte for elevane når dei skal over i ungdomsskulen er positivt, men ikkje avgjerande for den enkelte. Om elevane kjem berre frå ein skule, kan ein til dels kompensere dette gjennom ny samansetting av elevane (nye klasser) når dei tek til i ungdomsskulen.

4. Folkehelse

Fylkesmannen i Hordaland peikar på manglande folkehelseperspektiv i planen. Mål med fokus på sunt kosthald og fysisk aktivitet vert nemnt som døme da dette er nasjonale satsingsområde. Dette bør leggjast til grunn for innhald og tiltak i skulane i Lindås. Dei fleste innspel frå skulekrinsane peikar også på folkehelseperspektivet når elevar som i dag går til skulen, ved ei nedlegging må fleire elevar ta buss; ei klar negativ konsekvens for elevane.

Folkehelselova av 01.01.2012 §4 omhandlar kommunen sitt ansvar i folkehelsearbeidet, §5 sett krav om at kommunen skal ha oversikt over helsetilstanden og faktorar som verkar inn på innbyggjarane si helse. I §6 finn ein at «*kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplaner etter plan- og bygningsloven kapittel 11 fastsette overordnede mål og strategier for folkehelsearbeidet som er egnet til å møte de utfordringer kommunen står overfor med utgangspunkt i oversikten etter § 5 annet ledd.*»

Rådmannen tek desse innspela til etterretning, men vil og presisera at innhald og tema for denne kommunedelplanen var tydeleg avgrensa til å gjelde skulestruktur knytt til Lindås og Østereidet ungdomsskulekrinsar. I alle nye overordna kommuneplanar for Lindås, vil folkehelseperspektivet vere eit sentralt tema.

Rådmannen er ikkje ueinig i at det for elevane sin del vil vere ein negativ konsekvens når dei ikkje lenger kan gå til skulen.

Lindås kommune har ikkje utarbeidd prinsipp for skuleanlegg då arbeidet med strategi for vedlikehaldsarbeid vart prioritert først. Når det gjeld skuleanlegg generelt, ligg Helsedirektoratet sin rapport IS-1130 «Skolens utearealer – Om behovet for arealnormer og virkemidler» til grunn for arbeidet i Lindås.

5. Økonomi

I høyringa har det har kome innspel knytt til kostnader vedlikehald, investering, driftsutgifter og skuleskyss. I vurderinga er desse innspela lagt til grunn.

Kostnader vedlikehald

Det har kome innspel om at kostnader til vedlikehald ved Kløvheim skule og Myking skule er dimensjonert for høgt i høve til det nivået Lindås kommune har hatt for vedlikehald dei seinare åra, samt at det har vore gjennomført vedlikehald dei siste åra som ikkje ser ut til å vere registrert i grunnlagsmaterialet frå kommunen.

Rådmannen har i sine vurderingar teke omsyn til tidlegare vedlikehaldsarbeid som er skildra utført ved Kløvheim skule, slik at det er samsvar mellom kommunen sitt oversyn over utført vedlikehald og moment sendt inn i høyringa. I tillegg har ein lagt til grunn at kommunen er i ferd med å etablere ein vedlikehaldsstrategi som inneber at det skal prioriterast auka midlar til vedlikehald dei komande åra. Det er god økonomi for kommunen å ta godt vare på bygga sine, og i denne samanheng er kontinuerleg vedlikehald viktig.

I høve til vedlikehaldsbehovet ved Myking skule, oppussing innvendige flater, byte av vindauge og ventilasjonsanlegg, blir det frå arbeidsgruppa «Bevar Myking skule» stilt spørsmålsteikn ved om dette er tilstrekkeleg realitetsvurdert frå kommunen si side. Til grunn for dette legg arbeidsgruppa mellom anna vekt på at ventilasjonsanlegget fungerer tilfredsstillende i dag, men at nokre vindauge treng å bytast ut. I høve til oppussing av innvendige flater, nemner arbeidsgruppa at dei er kjend for å gjere dugnad, og signaliserer med dette vilje til å bidra til lettare oppussing av skulen.

Rådmannen har tatt utgangspunkt i forventa levetid til ventilasjonsanlegg og bygg, og dette er lagt til grunn for stipulert vedlikehaldsbehov dei komande åra. Dess fleire år over forventa levetid ein går, utan at vedlikehald blir utført, dess høgare grad av usikre vedlikehaldsbehov på ein rekne med.

Rådmannen held fast ved dei stipulerte utgiftene til vedlikehald av skulane, men vil nemne at vedlikehaldsbehovet ikkje er av ein slik karakter at det bør utførast omfattande vedlikehald dei første åra.

Vedlikehaldsbehovet til skulane er vurdert slik:

	Innan: 1-3 år	Innan: 5 år	Innan: 10 år
Myking skule	0,87 mill.	9,8 mill.	0,93 mill.
Kløvheim skule		6,52 mill.	
Eikanger skule		3,8 mill.	

Kommunen kan utsetje dei store vedlikehaldstiltaka ved både Kløvheim skule, Myking skule og Eikanger skule i eit par år, og slik utsetje kostnadene til dette. Kontinuerleg vedlikehald må likevel pårekna og kostnadsrammer for akutt vedlikehaldsbehov må definerast. T.d. må kommunen ha midlar i fall ventilasjonsanlegg eller vindauge treng utbetring eller må skiftast ut.

Drift- og investeringskostnader knytt til bygg

Det har kome innspel om at eventuell ny Eikanger skule som skal femne om elevar frå Kløvheim skule og Eikanger skule er dimensjonert for høgt i høve til dei berekningane som er lagt til grunn til dømes ved Ostereidet barneskule i fall elevar frå Kløvheim skule og Eikanger skule blir overført til Ostereidet.

Ut frå prognosane som er utarbeidd av Norconsult, finn ein at samla elevtal ved eventuell ny Eikanger skule skuleåret 2029/30 kjem opp i 139 elevar. Når rådmannen har lagt til grunn eit elevtal på 200 elevar ved ein ny skule, skuldast dette fleire faktorar.

For det første ønskjer rådmannen å sikre at ein ny skule har tilstrekkeleg kapasitet ut over prognoseperioden. Dette har det også kome innspel til i samband med høyringa. Det vil vere uheldig om ein ny skule viser deg å bli for liten i høve til faktisk elevgrunnlag om 20 år.

Rådmannen finn det truleg at kommunen vil oppleve omfattande vekst i busetting langs E39 austover mot Leiknes og Eikanger, og i eit lengre tidsperspektiv vil det difor vere behov for ein større skule enn det prognosane vi har i dag tilseier.

For det andre vil ein skule med kapasitet på om lag 200 elevar vere ein fulldelt barneskule. Dette vil sikre fleksibilitet ved aukande elevtal, då klasseromma er store nok til full klasse, eventuelt at ein tek høgde for fleire mindre klasserom i fall ein skal tilby bokmål som målføre ved skulen.

Storleik på ein ny skule blir ei politisk prioritering, men om ein byggjer mindre, så vert det også lågare investeringskostnader. Ein ny skule for 150 elevar og med eit uteareal på 10.000 m² er berekna til å koste om lag 96 mill. kr. (skule: 17,2 m² pr. elev x 150 elevar x 32.500 kr. pr. m²,

tomt: $10.000 \text{ m}^2 \times 1.200 \text{ kr. pr. m.}$, FDV-kostnader: $2.565 \text{ m}^2 \times 400 \text{ kr. pr. m}^2$). Differansen mellom å byggje ein skule til 150 elevar og 200 elevar er ut frå desse vurderingane dimensjonert til ca. 19 mill. kr.

Det har også kome innspel i høve til å flytte ungdomsskulen ved Ostereidet til ein ny skule på Eikanger. Med dette vil ein unngå at elevar frå Leiknes-krins har Knarvik ungdomsskule som nærskule, og ein får etablert eit skuleanlegg i midten av skulekrinsen. Av utfordringar dette vil kunne gje, er at elevar frå ytre strøk får lengre skuleveg samt at Ostereidet mister ungdomsskulen.

Driftskostnader – undervisning og skuledrift

Driftskostnadene ved skulane er i hovudsak utgifter til lønn. Det har kome innspel om at rådmannen sine vurderingar på dette feltet har variert frå budsjettmøtet og fram til prosessen med kommunedelplanen. I hovudsak skuldast denne variasjonen at elevtalet ved Lindås barneskule har endra seg etter at opptaket til Skodvin Montessori skule var ferdig. Færre elevar frå Skodvin skule til Lindås barneskule får innverknad på tal klassar ved skulen, slik at overføring av elevar frå Myking skule vil føre til klasedeling i større omfang enn tidlegare stipulert.

I skulen er det jamleg endring i elevtalet, og frå hausten 2015 vil Lindås barneskule ha 3 nye klassar. Dette skuldast at skulen har hatt ein vekst på om lag 30 elevar dette skuleåret. Endringar i tal klassar får også konsekvensar for stipulert innsparing ved å leggje ned Myking skule. Fleire av innspela til høyringa har fremja at etablering av privat skule på Myking kan bli ein realitet i fall kommunen avviklar den kommunale skulen i bygda.

Arbeidsgruppa «Bevar Myking skule» har gjennomført ei spørjeundersøking, der 75 % av foreldra seier dei ønskjer at borna skal gå på ein privat Myking skule i fall kommunen legg ned skulen. I fall det ikkje blir etablert ein privat skule på Myking, seier 55 % av foreldra at dei ønskjer å sende borna til Skodvin Montessoriskule.

Kommunen si eventuelle innsparing ved å leggje ned Myking skule, vil hengje tett saman med om det blir etablert ein privat skule i bygda. Rådmannen har difor gjort nokre vurderingar med omsyn til dette. I vurderingane er elevtalet etter nye prognosar lagt til grunn og stipulert årsverk i komande år er etter standard pr. 2015/16.

Tung spesialpedagogikk er ikkje berekna, og heller ikkje innsparing i høve til leiing.

Om alle elevane frå Myking tek til på Lindås barneskule, vil ein i 2016/17 få ei innsparing på 1 klasse og ca. 88 000 kr. Dette syner ei reduksjon i stipulert innsparing i høve til vurderingane som var lagt til grunn då kommunedelplanen vart sendt på høyring, og er knytt til bevegelse i elevtalet ved skulen i løpet av våren samt reduksjon i normalt knytt til undervisning, som er lagt til grunn ved tildelinga for 15/16.

Frå 2017 vil innsparinga auke med ein klasse kvart år og i 2020/21 når Lindås barneskule åleine har 13 klassar, vil ein spare 3 klassar og ca. 1,5 mill. kr. I 2022/23, som er året elevtalet på Myking ligg høgast (81 elevar) etter dei nye prognosane, vil innsparinga vere 3 klassar og ca. 1,2 mill. kr.

I fall elevar frå Myking tek til på Skodvin Montessori skule, vil tala endre seg alt etter kor mange elevar som får plass. Rådmannen har berekna innsparing og reduksjon i inntekter med føresetnadene at Skodvin Montessori skule er godkjent for 80 elevar, og at skulen først tek opp elevar frå Skodvin skulekrins. Frå 20/21 vil kommunen ha ei innsparing på mellom 1 og 1,2 millionar kr. i fall Skodvin Montessori tek opp 15 elevar frå Myking. Innsparinga vil vera lågare i åra 16, 17 og 18, lågast i 2016/17 med under 100 000 kr.

Dersom 75 % av elevane frå Myking tek til på privat skule (t.d. ny privat skule på Myking), vil innsparinga i årsverk bli mindre enn reduksjon i statstilskot og kommunen vil få meirutgifter. Dei årlege meirutgiftene vil vera ca. 1,1 mill. kr i 2016/17 og vil seinare liggje på mellom 0,7 mill. kr og 1 mill. kr. (sjå berekningar i tabellar under).

Samla innsparing for kommunen sin del, må sjåast i samanheng med utgifter til vedlikehald. Innan 2021 er det stipulert eit vedlikehaldsbehov på om lag 10,7 mill. kr. ved Myking skule, og desse summane må også reknast med når ein vurderer korleis ei eventuell nedlegging av skulen slår ut økonomisk. Eventuelt meirutgifter for kommunen ved nedlegging av skulen, må vurderast opp mot reduserte utgifter til vedlikehald dei komande 10 år.

Rådmannen sine berekningar i høve til årsverk er skildra i tabellane under:

2016/17

Alternativ	Reduksjon årsverk	Innsparing i kroner	Reduksjon i overføring frå staten 80000 pr elev (priv. skule)	«Netto» innsparing
Om alle elevane går til Lindås ; 13 klassar, 255 elevar	-0,14	- 88 480		
Om 15 elevar frå Myking går til Skodvin Montessori*; 13 klassar, 240 elevar	-2,04	- 1 289 280	1 200 000	-89 280
Om 75% av elevane frå Myking går til privat skule; 12 klassar 214 elevar	-3,42	-2 161 440	3 280 000	1 118 560
Skodvin Montessori er godkjent for 80 elevar (65 frå Skodvin dette året)				

2020/2021

Alternativ	Reduksjon i årsverk	Innsparing i kroner	Reduksjon i overføring frå staten 80000 pr elev (priv. skule)	"Netto" Innsparing
Om alle elevane går til Lindås, 14 klassar og 300 elevar	-2,54	- 1 548 400		
Om 10 elevar frå Myking går til Skodvin Montessori*, 14 klassar og 290 elevar	-3,21	- 2 028 720	800 000	-1 228 720
Om 75% av elevane frå Myking går til privat skule, 13 klassar og 245 elevar	-5,93	- 3 747 760	4 400 000	652 240
*Skodvin Montessori er godkjent for 80 elevar (70 frå Skodvin dette året)				

2022/23

Alternativ	Reduksjon årsverk	Innsparing i kroner	Reduksjon i overføring frå staten 80000 pr elev (priv. skule)	"Netto" innsparing
Om alle elevane går til Lindås, 14 klassar og 307 elevar	-1,93	- 1 219 760		
Om 7 elevar frå Myking går til Skodvin Montessori* 14 klassar og 300 elevar	-2,58	- 1 630 560	560 000	- 1 070 560
Om 75% av elevane frå Myking går til privat skule, 13 klassar og 246 elevar	-6,16	- 3 893 120	4 880 000	986 880
*Skodvin Montessori er godkjent for 80 elevar (73 frå Skodvin dette året)				

Skuleskyss

Det har i høyringa kome innspel om at kommunen sine vurderingar i høve til auka skyssutgifter ved nedlegging av skular er dimensjonert for lågt. Rådmannen har difor gjort ei vurdering i høve til dette knytt til Myking skule, og sett på utviklinga i høve til skyssutgifter fram i tid. Til grunn for vurderinga har ein tatt utgangspunkt i dagens takst, slik at i realiteten vil summane til skyss auke meir enn det rådmannen har stipulert. Kommunen vil få auke i skyssutgiftene uavhengig av om det blir etablert privatskule i bygda, om Myking skule held fram eller om elevane blir overført til Lindås barneskule. Dette skuldast auke i elevtalet ved skulen, i samsvar med prognosane.

Rådmannen sine vurderingar i høve til kostnad til skuleskyss:

Myking skule nedlagt

	Elevtal	Elevar m/skyss	Sone 1-2	Sone 3	Sone 4	Kostnad	Auke i kostnad	Med privatskule på Myking
Sonepris			18	23	28			
Skysskostnader Myking, 2015	52	26				118 000		
Myking til Lindås 16/17	55	55		52		480 700	362 700	
Myking til Lindås 20/21	73	73		73		638 020	520 020	
Myking til Lindås 22/23	81	81		81		707 940	589 940	
Kostnad for kommunen i snitt						608 887	490 887	
Privatskule på Myking med 75% av snitt tal elevar 15-30	71	35		35		305 900	187 900	

Kommunale kostnader

Kommunen kostar biletprisen kvar veg i 190 dagar i året pr. elev. Dersom alle elevane frå Myking reiser til Lindås eller Skodvin Montessori etter nedlegginga, vil kommunen sine skyssutgifter auke med 490 000 kroner i snitt i forhold til skysskostnadene i 2015. Elevtalet i krinsen aukar også, så utgangskostnaden er låg.

Dersom det blir privatskule på Myking med 75% av elevane vil kommunen sine utgifter auke med ca 187 000 med same utgangskostnad

Konklusjon

Det å overføre elevar frå Kløvheim og Eikanger skular til Ostereidet barneskule, vil få store konsekvensar med omsyn til nærskuleprinsippet. I praksis vil dette alternativet føre til at Leikens skule bør utvidast, noko som er utfordrande med omsyn til storleik på skuletomta. Rådmannen rår ikkje til at ein går vidare med dette alternativet.

Rådmannen rår til at ein går vidare i høve til å byggje ny skule for Eikanger og Kløvheim. Med dette vil ein kunne få ein rein fulldelt barneskule i denne delen av kommunen.

Kommunen bør sikre seg tilstrekkeleg storleik på ny skuletomt, slik at ein har høve til utviding på eit seinare tidspunkt. Dette med omsyn til både auke i elevtalet ved skulen samt ei eventuell flytting av Ostereidet ungdomsskule til Eikanger.

Avgjerd om å flytte ungdomsskulen til Eikanger, bør ikkje takast som ein del av denne prosessen, men sjåast i eit 10-20 års perspektiv.

I høve til Myking skule, viser utgreiingane at kommunen frå 2020 årleg kan spare mellom 1 og 1,5 mill. kr. i reduserte driftsutgifter til undervisning og skuledrift. Innsparing i høve til reduserte

vedlikehaldsutgifter og leiing kjem i tillegg. Berekingane syner at innsparinga er lågast dei første åra. Det er risiko i høve til etablering av privat skule i bygda, som vil ha vesentleg innverknad knytt til den økonomiske konsekvensen for kommunen. All den tid at kostnadskrevjande vedlikehald ved Myking skule kan utsetjast i nokre år, og det er lite å vinne på å legge ned skulen dei første åra, rår rådmannen til å vidareføre drifta av skulen.

Saka bør vurderast på ny i forkant av iverksetjing av omfattande vedlikehald ved skulen.

Vedlagte saksdokument:

Høyringsuttale - kommunedelplan grunnskule 2014-2018	50396	08.05.2015
Høyringsfråsegn - kommunedelplan grunnskule 2014-2018	50383	08.05.2015
Høyringsuttale	50143	08.05.2015
Høyringsuttale - kommunedelplan grunnskule 2014-2018	50392	08.05.2015
Høyringsuttale - kommunedelplan grunnskule 2014-2018	50399	08.05.2015
Høyringsuttale - kommunedelplan grunnskule 2014-2018	50401	08.05.2015
Høyringsuttale fra FAU Leiknes skule	50402	08.05.2015
Uttale til kommunedelplan skule 2014-2018	50156	08.05.2015
Uttale til kommunedelplan skule Lindås med vedlegg	50361	08.05.2015
Særutskrift sak 3-SU-SKMU Myking skule- 16-04-15	50362	08.05.2015
Uttale til høyring kommunedelplan skule (2)		
Merknad til kommunedelplan for grunnskule 2014 - 2018	50246	08.05.2015
Høyringsuttale - kommunedelplan grunnskule 2014 - 2018	50653	08.05.2015
Merknader - Kommunedelplan grunnskule 2014-2018	52142	08.05.2015
VS Kommunedelplan skule - høyringsuttale frå FAUSU ved Ostereidet un	52143	08.05.2015
Høyringsuttale - kommunedelplan grunnskule 2014 - 2018	50409	08.05.2015
Høyringsuttale kommunedelplan skole - 2015	50410	08.05.2015
Høyringsuttale_2,kommunedelplan-2009	50411	08.05.2015
Uttale-rullering-kommundelplan-skule-2013	50412	08.05.2015
Uttale skuleleiar forbundet krinsgrenser	50775	08.05.2015
Høyringsuttale - kommunedelplan grunnskule 2014 - 2018	50567	08.05.2015

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

